

Alver Kommune


Postboks 4

5906 Frekhaug

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ AREALFØREMÅL

Det vert søkt om dispensasjon frå arealføremålet forretning/handel i reguleringsplanen for Bøvågen, planid. 1201973000200 for arealoverføring og for oppføring av garasje.

Arealet er i kommunedelplanen for Radøy vist som sentrumsføremål, men der reguleringsplanen gjeld og vert supplert av kommunedelplanen sine føresegner.




Utklipp frå reguleringsplanen for Bøvågen



Utklipp frå kommunedelplanen for Radøy

Søknaden gjeld gnr/bnr 424/16 og 424/317, som er eigd av Anders Stevnebø. Eg søker med dette om dispensasjon frå regulert arealføremål forretning/handel for arealoverføring av eit areal på om lag 350 m² til gnr/bnr 424/317 og dispensasjon frå arealføremålet for oppføring av garasje/carport på same areal.

Arealet skal blir ein del av utearealet på bnr 317 og er tenkt nytta til hage og til oppføring av ein garasje/carport på ca. 40 m² tilhøyrande dette huset både for parkering av bil og til nødvendig lagringsplass.




Arealet som vi ønsker arealoverført til bnr 317, om lag 350 m².

Arealet som vert søkt overført er eit restareal som ligg mellom to vegar, kommunal veg til Bøvågen og privat veg som går til Skarneset. Plasseringa og topografien på arealet gjer det lite eigna til føremålet forretning. I dag ligg trelastlageret på kaiområde og på andre sida av den private vegen, det er ikkje hensiktsmessig å sjå for seg at det arealet eg vil ha overført kan nyttast til utviding av verksemdene som allereie er i Bøvågen i dag. Arealet grensar naturleg til bustaden på bnr 317, og vert ein naturleg forlenging av tomta.



Bilete tatt frå uteplass på bnr. 317 mot nord.



Bilete tatt der den private vegen startar og mot bustaden på bnr. 317.




Bilete tatt frå gnr. 424 bnr. 24 vest mot bnr. 317. Her ser ein tydeleg høgdeforskjell i terrenget frå eigdommen som ligg langs den kommunale vegen og opp mot arealet som eg søker om vert overført.

Eg kan ikkje sjå at omsyna bak arealføremålet blir sett vesentleg til side ved at arealet vert overført til bnr. 317.

Fordelane ved å gje dispensasjon er at arealet kan nyttast til hage/uteområde til bustaden som allereie er ført opp og at vi kan få byggje garasje på arealet. I tillegg er tomta på 424/317 er liten og utnyttingsgrada er nesten fullt utnytta. Arealet har til no lagt som eit restareal mellom to vegar og det vil vere ein fordel at arealet kan nyttast til bustadføremål og bli opparbeida med meir hagekvalitetar enn slik det står fram i dag. Eg eig allereie arealet i dag, området er ikkje eigna til det arealføremålet legg opp til og det er ein naturleg forlenging av eksisterande bustadområde.

Etter overnevnte kan eg ikkje sjå at dette er til ulempe for nokon og dermed at fordelene ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene jf. pbl § 19-2.

Håper på ei positiv behandling av min søknad.



Anders Stevnebo

Bøvågen 02.09.2022